

A1 MAUREN OG ENGJESPRETTA

Bånsull etter Mari Blekastad (1888-1975) frå Skåbu. Dette er fabelen om mauren og grashoppa (engjespretta på dialekt) etter grekaren Æsop. Mauren samlar saman mat gjennom sumaren, mens grashoppa fer rundt og syng. Når det lir mot vinter tigg grashoppa om mat frå mauren, men blir blankt avvist.

*Kjære min maur, kjære min maur,
gje me nå lite te julan
Kå gjorde du da, når e dro i haug?
E gjekk me burti engje, song for piko og drengje
Song du da, så danse nå, sa mauren.*

Rasmus: langleik, vokal, Hans: oktavfele, vokal

A2 SINKLARMARSJEN

Lært av Erik Bjørke (f. 1965) frå Sor-Fron. Olav Åsmundstad (1850-1925) frå Kvikne på Nord-Fron var saman med bror Per (1839-1925) og brorson Kristian (1885-1976) særmerkt gode formidlarar av den gamle folkekulturen i Gudbrandsdalen. Musikken hadde dei i familietradisjon og elles etter folk som reiste rundt i bygdom der. Innsamlarane Catharinus Elling (1852-1942), Ole Mørk Sandvik (1875-1976) og Pål Klufoten (1888-1942) var alle hos dei og skreiv ned. Dette er ein av dei flottaste slåttane tykkjer vi.

Rasmus: fele, Hans: indisk harmonium

A3 KATTA SATT OPPÅ TAKJE

Vise etter Kristian P. Åsmundstad. Kristian er godt dokumentert i folkemusikkarkiva, i opptak både av NRK og Ole M. Høgåsen (1900-1964). Kristian var lærar og klukkar i Ringebu. Visa om katta er kjend i mange distrikt, plassen Brakje ligg i Sodorp på Nord-Fron.

*Katta satt oppå takje,
tållå ve'n Ola Brakje
Kår ska oss hen imot vinteren?
Det bli for kaldt sitja nakje*

*Katta satt oppå takje,
tållå ve sine døtre
Kår ska oss hen imot vinteren?
Oss fryrs nå tå'oss våre føttre*

*Oss ska ræse åt Danmark
Kjape sko for helvt'anna mark
Bjønn baske i bomma, og katten sle oppå tromma
De fire mysen dom trø i dansen, så
hæle jorda ho dondra, ja ho dondra*

Rasmus: langleik, fele, vokal, Hans: oktavfele, vokal, indisk harmonium, seljefloyte

A4 GRAUPLEIKEN

Springleik etter Erling Kjøk (1913-1999) frå Garmo, som lærte leiken etter hulling av mor og son, Beret (1876-1950) og Johannes Hagen (1906-1989). Namnet skulle ha noko med Graupe på Fron å gjera, sa dei. Spelmannen Jehans Slåstugun (1839-?) hadde mor si frå Graupe og han budde der ei stund fyrr han tok båten over til Amerika. Det er mange historier etter honom, ei går slik: "Værlyse (Nordlyset) keinn vera fale dæ ser du, 'n ska eilder blistre (plystre) åt di, å felmusikk tåle dæ slett itte. 'N vart vare di 'n Jehans Slåstugun en gong. Dæ va en kveill da 'n va hime e Slåstugun, de va slikt veonderle værlyse på himmela. 'N Jehans feinn på å tå mæ se fela ut å lét (spelte) åt di. Dæ tok te å blaffre og blagre så reint veonderle, og kom nerigare (nærmere) for kor ti. Men da dæ tok te å slå ne e tretoppom nord-på Graupmoa, vart 'n Jehans så e mot di (skræmd) at 'n tok med fela onde armen og flaug inn att."

Rasmus: oktavfele, Hans: fele

A5 PELAPIPELEIK

Halling etter Olav Åsmundstad. Olav kalla dette for ein pelapipeleik - altså ein leik for svarar trefloyte. Langleiken som Rasmus nyttar (den same som på *Mauren og engjespretta*) er frå Rolstad på Sor-Fron. Bessmor vår, Ragnhild Kjørstad (f. 1925) fortalte oss etter bessmor hennar, Mari Dalseg (1860-1943), at det var ein syskenflokk på sygard Dalseg der alle gutane spelte fele og jenta spelte langleik. Jenta og langleikspelaren i syskenflokken heitte Rønnaug Dalseg (1807- 1880).

Ho gifta seg med Johannes Rolstad (1804-1881) og kom såleis til Rolstad. Instrumentet har vore på garden sidan Rønnaug døydde. Den har ein særigein tonalitet som klor floyta som Hans spelar på. Den er frå Åseng i Heidal.

Rasmus: langleik, Hans: trefloyte

A6 MUNNHARPESLÅTT

Springleik etter Olav Åsmundstad. Olav var ram til å fortelje soger og sette om Njålsoga til nynorsk i 1896. Han spelte munnharpe au. Mange av munnharpeslåttane har vore knytt til dei underjordiske. Eit segn går slik: "Torgeir Risdal (1852-1934) i Skåbu var ute for noko rart på seterkevea i Hamm ein gong. Det var seinhaustes, og byrja å bli kaldt i været. Hestane gjekk nedst på kvea, og han Torgeir fann at det var best å ta dei inn for natta. Komen nedover til hestane stemte det i med ein munnharpeslått. Det var ein kvikk springleik, og det hoyrdes ut for å vera i ein gamal stubbe som sto der. Hestane hoyrde det au, blaga med ørom og lydte. Det var au sagt at Torgeir lærde seg slåtten, for han tralla den rett som det var."

Rasmus: munnharpe, langleik, Hans: triangel smidd av Magnar Bakke, oktavfele

B1 HEILAGDAGSVANDRING

Vise etter Kristian P. Åsmundstad. Dette var eit av glansnumra hans. Teksta er skrive av Knut Soksen (1718-1792) som kom frå Svare i Vågå og flotte til Heidal. Melodien er nytta i fleire distrikt. Det indiske harmoniumet har Hans stemt etter eit system som byggjer på intervall som er mykje nytta i norsk folkemusikk, ikkje ulikt det Eivind Groven (1901-1977) heldt på med.

*Ein gong va for me ein heilag dag,
heme vart å verra lengje
Sola tok te å snu se omlag
nord-på de bergeengje
Da tok e te å tenkje detta så;
montru itte e nå skull ut å gå?
Åkern hæinn va sådd, været det va godt
Smilt det va å gå på engje*

Å så la e da mi vandring an,
tvert over de andre eigun
Elva ho va stor, ho gjekk på grøne land,
langt innover engjeteigom
Hånån hord'e gol i kår en gard,
det klang og det ljoma atti kår ei sval
Gauken hørde e, gol frå turre tre
E kun heillan itte teie!

*Kråka ho gjekk på åkra, henta køynn,
hakkespotten satt og hakka
Hakka på stubbein, harde som høynn
fekke e høre røya kakka
Sullu ho flaug og svinga så vilt,
lerka ho satt og spelte så smilt
Liten furunuv, spårv og hampejuv,
tråsten hord'e kå en skratta*

*Stondom så va itte tida så for lang,
stondom så gjekk e hulla
Stondom så hord'e fuggeln kå en song,
engjespretta kå ho sulla
Stondom såg e mange småe, rare dyr;
tordivel, fevrit, fuggu og så maur
Mang en liten smed krakte oppå me,
mehenkje såg e så det aula*

*Årrin hord'e buldra med sin klunkelyd
på si vene hone lokka
Ørna ho svinga høgt opp mot sky,
hauken med småfuglom ståka
Tiur 'n på kvista uppi hogan tre
kjerde på nakkjinn, låggå se te,
da tænkte e ve me, kå vil det her gå te?
Denna kar 'n må verra farle*

Rasmus: langleik, Hans: indisk harmonium, vokal

B2 BUDEIEHULL OG HULDERLOKK

Pål Klufoten skreiv ned desse etter Mari Lilleodden (1867-1933) og Marit Skjefskoga (1839-1920), båe frå Nord-Fron. Lokken hennar Marit var ein hulderlokk.

Rasmus: fele, Hans: perkusjon

B3 GAUKEN

Springleik etter Pål Klufoten. Asbjørn Syverhuset (1910-2004) hulla leiken etter bessfar sin, Iver Engjom Storodden (1842-1924) frå Sorpe roa på Nord-Fron. Langleiken Rasmus nyttar (den same som på *Katta satt oppå takje*, *Munnharpeslåttene*, *Heilagdagsvandring og Bessleiken*) er bygd av Niels J. Røine og Øystein Husemoen i 2019. Den har justerbare notar slik at skalaen enkelt kan endrast. Her er den stemt etter seljefloyta. Kristian Åsmundstad sa det slik: "Om våren var det mesta det 'n ha å gjera, å gjera se soljuflote. Det va enkel sak å lågå se det. 'N kæinn få te my, goe melodie på ei soljuflote au."

Rasmus: langleik, Hans: seljefloyte

B3 BESSLEIKEN / HEI HELJE RU

Springleik etter Kristian P. Åsmundstad, som song Stormvisa "Guten va trøyt" på denne springleiken. Fleire i Lia på Sor-Fron, mellom anna Oddmund Heggelien (1916-2012) brukte den gamle tekststrofa *Hei Helje Ru / de ska e snu / du ska få danse metta di du* attåt denne. Det er ein variant av segnet om Fanteladda, som er kjend fleire stadar i Noreg.

Rasmus: langleik, Hans: fele

B4 MOLLERGUTMARSJEN

Marsj etter Erik Bjørke. Erik lærte marsjen av Hjalmar Fjellhammer (1922-2006) frå Sor-Fron, som hadde den etter far sin, Jonas Dokken (1883-1957). Møllerguten er i dette hove 'n Jonas sjølv.

Rasmus: fele, Hans: fele

B5 NÅ E DET ENDE PÅ VÅRT LAG

Stubb etter Kristian P. Åsmundstad. Kristian lærte den av faren Per, som hadde han etter sin far, Tor Åsmundstad (1809-1888). "Døm brukte 'n ofte i lagom, når dom slutta." Stubben er ein del av ei lengre vise som var skrive av ein ukjend gudbrandsdol fyrst på 1700-talet.

*Nå e det ende på vårt lag,
nå bli det sagt mang en dag
for oss fer så leva
Nå lyt oss hematt kår åt se,
e åt me og du åt de
og drå på gamel-broka.*

Rasmus: oktavfele, vokal, Hans: indisk harmonium, vokal

Alle melodiane og tekstene er trad.

Alle arrangement av Hans Kjørstad og Rasmus Kjørstad
Spelt inn av Audun Strype i Sor-Fron kyrkje 8.-10. mai 2020
Miks og mastering av Audun Strype juni / juli 2020
Produsert av Hans Kjørstad, Rasmus Kjørstad og Audun Strype.
Fotografi og grafisk utforming av Johannes Selvaag
Takk til Audun Strype og Johannes Selvaag for samarbeidet, Erik Bjørke, Anders Røine, Hans Hulbækmo, Torgeir Vassvik og mange andre for samspelet, Morten Joh for Slaatteplukkaren, Oddrun Hegge for restaurering - og Erik Rolstad for lån av langleik, Frode Rolandsgard og Niels Jørgen Røine for Talik. Takk til Norsk Kulturråd og Stiftinga G-Kultur for økonomisk stønad. Ein særskild takk til Arnhild og Helga! Framsida er laga av bessmor Ragnhild Kjørstad
English summary inside

ta:lik



7 090010 522466

©TALIK 2020 228LPV

HANS P. KJØRSTAD • RASMUS KJØRSTAD

KJÆRE MIN MAUR

TA228LPV

